

KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 03/18 · 28. ÅRGANG



3-4

Ny sokneprest

6-9

Gjenbruk

13

Konsert med
Maria Solheim



DEN NORSKE KYRKJA

Meland kyrkjelyd

KONTAKT er kyrkjebladet for Meland kyrkjelyd. Det vert laga i samarbeid med Alversund, Seim, Lygra, Osterfjorden og Mo sokn. Kyrkjebladet kjem ut 4 gonger i året. Bankgiro: 3632.07.04019 eller Vipps: Meland kyrkje eller 59301 Redaktør: Geir Øy Redaksjon: Stine Karin Sæle, Torbjørn Bøen og Anne Sofie N. Uthaug Grafisk design: Opplett Trykk: Bodoni AS

Framsidede: Gjenbruk i heimen. Foto: Ingvild Dalland Husabø www.melandkyrkja.no Adresse: Postboks 117, 5906 Frekhaug Telefon: 56171480 Epost: post@melandkyrkja.no Besøksadresse kontor og Møteplassen: Havnevegen 31, Frekhaug Treffetid: Mandag, onsdag, fredag 12.00-15.00 Kontakttelefon ved krise: 95483874

Tankestrek

Å starte på nytt

Av Bjørn Tore Sæle, sokneprest i Meland kyrkjelyd

«Korleis er det å starte på nytt?» Det er eit spørsmål mange har stilt meg dei siste månadene. Med 22 år i Hardanger, vener og kjende overalt der, og ein heim som har vore barndomsheim for tre søner, er det mykje å legge bak seg. Ikkje rart at mange har lurt på korleis det er.

Korleis det faktisk vert får tida vise, men det har uansett vore interessant at så mange har spurt. Har tanken på å legge eit liv bak seg og gå inn i eit nytt, rørt ved nokre kjensler? Ligg det ein eigen lengsel bak spørsmålet? Ikkje at eg trur at alle som har spurt, lengta bort frå livet sitt, men det ligg kanskje ein lengsel etter å få legge noko av livet bak seg. Ettersom tida går vert vi jo fylte opp av ulike minne og kjensler. Mykje er godt og kjekt, men ikkje alt. Summen av små og isolert sett uviktige hendingar kan verte ei bøl, og kvardagen vil minne oss om alt dette. I spørsmålet «korleis er det å starte på nytt?» ligg det kanskje ein langt etter å få leggje bak seg noko av det gamle og gå inn i noko nytt og reint.

Og no er eg altså på veg inn i dette nye. Det kjennast mest av alt godt. Ofte vel ein det trygge og kjende framfor det ukjende, men for min del har det vore spennande og gjevande å kaste seg uti det ukjende. Mange gongar i det siste har eg kjend glede og takk over at eg no skal få vere ein del av kyrkjelyden og fellesskapet og livet i Meland. Og der eg på førehand frykta at det ville bli lettare kaotisk, kjenner eg i dag ei kriblande glede over alt eg ikkje har oversikt over. Det er ikkje typisk meg, for å seie det slik, og difor uventa. Det å gå ut av vante spor kan tydeligvis vere ganske frigjerande.

Kanskje peikar det mot at både eg og andre kunne ha levd godt også med mindre oversikt. Kanskje kunne vi oftare våge oss inn i det utrygge og bryte opp frå det kjende. Kanskje er det nettopp det som må til for å kunne legge noko bak seg og starte på nytt. No er det i alle høve slik for meg. Eg veit ikkje korleis det blir, men gler meg til det som ligg framfor.



Bjørn Tore Sæle

Sokneprest - 56171484
bjorntoresaele@melandkyrkja.no



Anne Sofie Nergård Uthaug

Kyrkjeverje - 56171485
anne.uthaug@melandkyrkja.no



Ruben Sæle

Diakon med ungdomsfokus
56171488 - ruben.saele@melandkyrkja.no



Trond Fykse

Kyrkjelydsmusikar - 56171483
trond.fykse@melandkyrkja.no



Helge Hitland

Vikarprest - 905 75 780
helge.hitland@bkkfiber.no



Linda Gripsgård Lunga

Konsulent - 56171480
linda.lunga@melandkyrkja.no



Anne Marit Fosse Dahle

Kyrkjelydspedagog - 56171482
anne.dahle@melandkyrkja.no



Regine Sagstad Berg

Soknerådsleiar - 99324460
reginesagstad@gmail.com



Junji Furukawa

Kyrkjetenar - 46797567
junjif@sky.plala.or.jp



Følg oss på Facebook: @melandkyrkja

Draumen om ei pulserande kyrkje

Tekst & foto: Torbjørn Bøen

EG MØTER BJØRN TORE SÆLE UTANFOR KYRKJA. HAN HAR AKKURAT HALDE SI FØRSTE VANLEGE GUDSTENESTE ETTER AT HAN TOK TIL SOM NY SOKNEPREST FOR MELAND 1. AUGUST.

Han er glad for å vere i gang. Kyrkjekaffien er drukke, sommarsola skin og folk verkar nøgde. Han smiler. - Fin stab, seier han. Kjekkk innsetjingsgudsteneste. Men ein kan også spore eit vemod over å ha forlete kyrkjelydane han var med å byggja i Eidfjord og Kinsarvik i heile 22 år.

- Det har vore krevjande å runde av etter 22 år på same plass. Dei tre borna mine vaks opp der, eit heilt liv blei levd der. Då vi kom til Eidfjord, tenkte vi at vi kanskje skulle bli i eitt, to eller kanskje fem år. Vi blei i 22. Det seier jo det meste om korleis vi treivst.

Eg spør han om kvifor han kom til Meland. Bjørn Tore tenker seg om før han svarer.

- Tida var moden. Meland dukka opp som ei god og spennande moglegheit ikkje langt frå Bergen. Då kunne vi også komme nærare familien i Bergen og Åsane.

VEGEN TIL PRESTEYRKET

Preika han heldt for litt sidan var frisk. Han hadde gode ord å seie til kyrkjelyden - "Ingen treng å vere fantastiske, men alle er verdifulle." Eg spør han om kvifor han blei prest.

- Det var noko eg opplevde som ung. Eg hadde bestemt meg for å byrja på sivilingeniørstudiet ved NTH. Eg hadde kome inn og var på utkikk etter hybel og alt. Då fekk eg det som eg opplevde som eit kall om å studere teologi.

Han knipsar med fingrane for å illustrera at dette var noko



Kontakt møter ein nøgd sokneprest etter gudstenesta.

han aldri hadde tenkt på før. Noko som poppa opp i hovudet.

- Eg var på leir og opplevde dette i ein bønesituasjon. Eg rekna med det berre var noko «føleri». Men det gjekk ikkje over. Så då blei det slik.

Eg spør om han trivst i jobben, og om kva som er det beste med å vera prest?

- Menneska. Alle menneska eg får lov å møte. Den personlege kontakten med så mange ulike menneske. Det er det som gir meg mest. Alle dei eg får lære å kjenne.

Han mimrar om Hardanger igjen. Han seier han har hytte der framleis, at han kjem attende på besøk til vener og kjende.

OPPVEKST

- Eg vaks opp på Ulset i Åsane, i eit vanleg rekkjehus, og hadde null tankar om å bli prest. I ungdomstida var konfirmanttida ein viktig inngang til kristendomen. Eg kom med i Tensing-koret Sanctus i Åsane.

Han fortel at dette miljøet vart viktig og gav ein ny og annleis kontakt med trua.

- Eg er veldig glad i barne- og ungdomsarbeid. Det er jo dei som er framtida. Det vi gjer for barn og unge i dag ber dei med seg. Dette er viktig i ei tid der det ikkje er opplagt len-



Bjørn Tore har allereie stifta bekjentskap med Løva. Foto: Arve Kjell Uthaug

FAKTA

Namn: **Bjørn Tore Sæle**
 Alder: **54**
 Bustad: **Holme**
 Gift med **Elise**.
3 barn på 20, 25 og 28 år

ger at alle skal lære så mykje om kristen tru. Eg veit at det går føre seg mykje godt arbeid i Meland både i og utanfor kyrkja sin regi. I fellesskap kan vi bidra til at barn og unge kan få oppleve evangeliet.

Dette brenn han for. Det var jo mykje på grunn av godt barne- og ungdomsarbeid at han sjølv kom til tru. Han ynskjer at unge i Meland skal få del i det same.

MUSIKALSK ATLET

Eg spør korleis han møtte kona si, Elise.

– Ho møtte eg og medan eg studerte. I 86' spelte eg i eit rockeband. Vi vart hyra inn som band for eit TenSing-kor i Fana, der Elise gjekk. Koret skulle på turne til England. Den sommaren oppstod det søt musikk mellom meg og Elise.

Etter teologistudiet og ei tid som feltprest byrja han å jobbe i Laget. Tore Kopperud, som var på praktikum på MF, tipsa styret i Laget om ein prest som kunne tenkje seg å flytte til Bergen.

– Tida som lagsprest var nok med å forme meg som prest. Eg hadde med meg TenSing- bakgrunnen også, så det det vart ein god miks av Laget og TenSing.

Kva musikk likar du?

– Eg likar eigentleg all mogleg musikk, og er kanskje litt ekstra glad i jazz. Gjennom åra har eg vore med i ulike musikalske samanhengar og likar best å gøyne meg bak eit instrument.

Han ler og ristar på hovudet når eg spør om han og Elise framleis er Eidfjords raskaste ektepar, slik det står på internett.

– Ei veldig stor overdriving, seier han. Journalisten som skreiv det drog veldig hardt på. Vi gjorde begge det bra i ein folkeleg miniTriatlon-konkurranse i '08.

Han verkar litt brydd no, soknepresten. Han vil ikkje framstillast som ein atlet, men han innrømmer at han og kona held seg i form. Dei driv med sykling og jogging saman. Dei likar å symje i fjorden. Dei skal symje 2000 meter i morgon, seier han. Frå Fløksand.

VISJONÆREN

På spørsmål om framtida til Meland kyrkjelyd har han mykje på hjartet.

– Eg har eit inderleg ynskje om at det nye kyrkjebygget skal reisa seg. At vi skal fylle det med aktivitet frå måndag til sundag. Eg har jobba i ei arbeidskyrkje før. Litt i same gata som vi tenkjer om ny kyrkje i Meland. Der du har forsamlingsrom, stader for bibelknøttar, babysong, minikor, vaksenor, konfirmantarbeid, kontor, gravferd og gudstenester - alt i same miljø! Ei kyrkje som pulserer gjennom heile veka. Det har eg sett i praksis i Eidfjord. Det er heilt umogleg å få til utan eit slikt bygg, ein open stad der folk kan stikke innom og ta ein kaffikopp. Med kaffitraktar, stolar og bord. Kome og slå av ein prat i ei open kyrkje der alle kan føle seg heime, både dei kyrkjevande og dei litt meir kyrkjeuvande.

Han vert engasjert når han snakkar om kyrkja. Eg spør han om kva som er kyrkja si viktigaste oppgåve.

– Kyrkja si hovudoppgåve er å forkynne evangeliet. Vona er at kyrkja skal vere ei kvardagskyrkje der folk kan kome med livet sitt og trua si i glede og sorg. I djupet av dette ligg evangeliet med håp og tru om ein annan dimensjon i verkelegheita. Det er ein ganske sekularisert verkelegheit vi lever i, og det er kyrkja si oppgåve å halde evangeliet levande.

No er han på heimebane. Han likar å snakke om kyrkja. Til slutt lurar eg på kva er han mest glad i å preike om? Andletet lyser opp.

– Oppstoda! Korleis Jesu oppstode forandrar heile måten vi kan tenkje om framtida på. Døden betyr ikkje lenger berre død. No har vi fått håpet og lyset som påskedagen kjem med. Så for meg er Jesu oppstode nøkkelen til alle ting.



FAKTA

Ellisiv 9 år
Oline 6 ½ år (og Løva,
som berre ville vere med
på biletet)

Frå kyrkjebenken

Tekst & foto: Stine Karin Sæle

Kva er det kjekkaste med å gå i Meland kyrkje?

Ellisiv: Søndagsskulen! Spesielt bålsamlingane der vi grillar pølser og marshmallows.

Oline: Søndagsskulen. Og så er det gøy med nattverd og kyrkjekaffi med kaker.

Fortel litt om Løva...

Ellisiv: Løva kjem når det er søndagsskule. Ellers så bur ho i ei øskje.

Oline: Løva er snill, men ho snakkar nesten aldri. Ho kviskrar ofte til presten.

Kva lærer vi om i kyrkja?

Oline: Litt forskjellig. Det kan vere vanskeleg å forstå kva presten seier. Vi lærer om Gud og Jesus - mest Jesus.

Ellisiv: Vi lærer om Gud, men eg kan nesten alt vi lærer om frå før.

Kva synes de om kyrkjerommet?

Ellisiv: Fint! Lysekrunene er stilige. Dei ser ut som ekte gull.

Oline peikar på lysekrunene og seier seg einig.

Kva er favorittsongen vi syng i kyrkja og på søndagsskulen?

Ellisiv: Eg likar å syngje, men eg har ikkje ein favoritt. Alle er heilt greie.

Oline: Gloria!





Mitt beste bruktfunn fekk eg levert på døra av nokre kjekke karar frå NMS gjenbruk. Ein tung, men nydeleg og velhalden skjenk med stor lagringsplass som passa på centimeteren der eg ville ha den (høgre). Det som nokre er lei av og ikkje har plass til, kan andre ha god nytte av!

NMS gjenbruk

Tekst & foto: Ingvild Dalland Husabø

DERSOM EG SÅRT TRENG EIT ORDENTLEG MØBEL SOM IKKJE SKAL KOSTE MEG HEILE MÅNADSLØNA, ELLER OM EG BERRE VIL TREFFE NOKRE SMILANDE ANSIKT OG KJENNE KAFFILUKT - DÅ SVINGAR EG INNOM NMS GJENBRUK I KNARVIK. I NORDHORDLAND ER ME HELDIGE, ME HAR MYKJE GODT GJENBRUK Å VELJE MELLOM. HJÅ NMS GJENBRUK ER EG FLITTIG KUNDE, OGSÅ OM EG SJØLV HAR HATT OPPRYDDING OG TENKJER TINGA MINE KAN GLEDE ANDRE VIDARE.

Kanskje har du denne sommaren vore på Noregsferie og passert logoen til Det norske misjonsselskap (NMS) sine bruktbuikkar? Det er nemleg stor sjanse for at du har gjort nettopp det! Butikken som er ein del av ein kjede av bruktbuikkar, vart i november 2015 flytta til eit større lokale der dei no er godt etablerte. Sentralt i Knarvik like ved Shell Select er den godt synleg frå E39. I inspirerende og oversiktlige omgivnader møter du engasjerte frivillige bak disken, i kaffikroken eller bak rattet på veg ut til kunden.

NMS gjenbruk i Knarvik har eit variert utval og presenterer stadig nye kupp i butikken. Det kan likevel vere verd å nemne at klede ikkje er ein del av sortimentet i akkurat denne bruktbuikken. Det du derimot kan få kjøpt eller levert er det godt utval i. Du finn mellom anna: leikar, lampar, sofagrupper, spisebord, salongbord, dukar, pyntegjenstandar, kjøkkenartiklar og bøker. NMS sitt eige lysstøyper Knausen leverer nydelege og svært gode gjennomfarga lys, faklar og tennbrikettar til alle bruktbuikkane sine. Dette er rimelege og miljøvenlege alternativ då produkta er laga av lysstumpar som er smelta om.

Butikken har ein upåklageleg god service, kan køyre varene heim til deg mot ein rimeleg penge og er aktive på facebook der dei har god kontakt med kundane. Eg anbefalar sterkt å følge NMS gjenbruk på nett, men også å ta turen innom dersom du ønskjer fornying utan å kjøpe noko flunkande nytt.

Og du? Om du er på jakt etter bruktkupp neste gong du er på tur utanfor Nordhordland, kan du finne meir informasjon om NMS gjenbruk på nettsida deira nms.no/norge/nms-gjenbruk/ eller facebookside med namn *NMS gjenbruk Knarvik*.

Tar kampen mot overflods-samfunnet

Tekst og foto: Arthur Kleiveland

I TILLEGG TIL Å SKAPA GODE ARBEIDSPASSAR HAR GJENBRUKSBUTIKKEN KNARVIK INDUSTRI OG MILJØ (KIM) SOM EIT AV SINE OVERORDNA MÅL Å MEDVERKA TIL Å REDUSERA AVFALLSMENGDGA OG GJERA BRUKBARE TING TILGJENGELEGE FOR FLEST MOGLEG.

-Med gjenbruksbutikken medverkar me til å møte overflods-utfordringa, seier leiari Gunnlaug Bastesen Dale i gjenbruksbutikken i Knarvik.

KVITTAR SEG MED STORE MENGDER

Folk kvittar seg av ulike grunnar med store mengder boss og overflod. Dei skiftar kles- og interiør-stil, veks ut av kledda, veks ut av interesser, flyttar til mindre husvære, arvar etter foreldre, sel hyttene, eller har rett og slett kjøpt for mykje og prøver å rydda ut litt.

- Mykje av dette er fullt brukande, og ved å levera til gjenbruk gjer folk sitt til at varene blir brukt ein gong til. Slik går forbruket ned, ressurskrevjande produksjon går ned, og folk får sjansen til å skaffa seg billege ting eller noko som ikkje lenger finst i butikkane. I tillegg blir varene «gjenvunne» til lokalmiljøet i form av meningsfulle arbeidsplassar, seier Gunnlaug Bastesen Dale.

KIM gjenbruk er blitt veldig gode til å sortera bosset som snik seg innimellom alle dei brukande tinga dei får inn - før dei leverer det vidare til NGIR. Det er svært viktig for vidare gjenvinning.

STARTA MED BILDELAR

Gjenbruksbutikken starta opprinneleg på 1990-talet som Hordaland Bildemontering i Kjevikdalen, eit tilbod for ungdom som av ulike grunnar ikkje fekk seg jobb. Lindås kommune overtok seinare drifta, flytta til Reikeråsbygget, og bytte samstundes namn til Lindås Miljø og Gjenbruk. Der selde dei i starten brukte bildelar. Då verksemda begynte å drifta gjenbruksstasjonen som opna i Knarvik, og såg alt brukande som vart kasta, begynte dei å plukka frå bosset og selde varene i lokalet i Reikeråsbygget. I 2003 vart gjenbruksbutikken slått saman med Knarvik Industrier, til det som no heiter Knarvik Industri og Miljø AS (KIM), og flytte butikken til noverande lokale i september 2004.



Geir Arild Totland, Gunnlaug Bastesen Dale, Marita Valle og Kari Kolstad Lien

AKSEPTERT AV FOLK FLEST

- Vår erfaring er at gjenbruk vert meir og meir akseptert av «folk flest». Historisk sett ser me at medan dei som gjekk og handla på loppemarknad og Fretex på 70-talet vart sett på som litt sære, kan kven som helst handla brukt i 2018, og nesten kva som helst sel. Det har vore ei gradvis bevisstgjeri gjennom åra, seier leiaren ved KIM gjenbruk.

Ho ser at motivet for å handla brukt eller å levera til gjenbruk er ulikt. Nokre handlar pga behov, nokre for spenninga, nokre for miljøet, nokre for trenden.

- Det er også mange grunnar til at folk leverer til gjenbruk. Det handlar om miljø og samvit, folk som vil støtta ei god sak, press frå vener og familie, og dei som har problem med å kasta fullt brukande ting, seier Bastesen Dale.

GODT SAMARBEID MED NGIR

Ho er glad for at bosset i Nordhordland heldigvis blir handtert på ein forsvarleg måte med mest mogeleg gjenvinning.

- Me har eit særst godt samarbeid med NGIR. Difor veit me også at me medverkar til at folk i nærmiljøet kastar litt mindre boss, kjøper litt meir brukt, og dermed litt mindre nytt. Slik blir ein stor del av målet vårt nådd, seier Gunnlaug Bastesen Dale i Gjenbruksbutikken ved Knarvik Industri og Miljø.

NGIR: Vil gjera folk meir miljøbevisste

Tekst: Arthur Kleiveland

NGIR HAR FOKUS PÅ Å LEGGJA TIL RETTE FOR AT KUNDANE KAN KVITTA SEG MED AVFALLET PÅ EIN EFFEKTIV MÅTE. RENOVASJONSSKAPET LEGG OGSÅ STOR VEKT PÅ DET HALDNINGSSKAPANDE ARBEIDET.

- Kundane skal kunne kvitta seg med avfallet på ein effektiv måte, samtidig som me må gjennomføra innhentinga på ein slik måte at me tek omsyn til miljøet vårt. Denne tankegangen førte med seg innføringa av tre-dunk-systemet. Der ein tidlegare kasta alt som restavfall fekk ein no sortert ut avfall som kunne gjenvinnast eller utnyttast på ein betre måte, seier Håvard Skutle, kommunikasjonsrådgjevar i NGIR.

Sidan innføringa av tre-dunk-systemet har etter kvart plasten vorte skilt ut som eigen fraksjon, og no sist i 2017 starta NGIR også å samla inn tekstilar i papirdunken.

KVA TRENG BARNEBARNA?

Håvard Skutle peikar på at me som samfunn står overfor store utfordringar med tanke på korleis me tek vare på miljøet. Han understrekar at NGIR også har stort fokus på

det haldningsskapande arbeidet, som selskapet kontinuerleg jobbar med.

- Treng barnebarna verkeleg denne leiken til bursdagen? Kanskje er det endå kjekkare å få vera med besteforeldra på kino? Et vi opp den maten vi kjøper inn?

- UNNGÅ IMPULSKJØP

NGIR ønskjer å medverka til at folk vert meir bevisste.

- Skriv handleliste, unngå impuls kjøp. Det er mykje betre for miljøet om ein kjøper eit hagemøbel som heldt fleire år enn å kjøpa det billigaste som ein kanskje endar opp med å måtte skifta ut kvart år likevel, seier Håvard Skutle.

- Kjøp brukt. På Finn.no finn ein mykje bra, KIM sin gjenbruksbutikk i Knarvik har mange skattar. Fellesnemnaren for mange av dei tiltaka som NGIR foreslår er at dei faktisk er bra

for lommeboka di også, seier kommunikasjonsrådgjevaren i NGIR.



VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på kirkens-sos.no

Å snakke med folk om livet gir mening.





THK - humanitær hjelp til Ukraina

Tekst og foto: Oddmund Eidsheim

På parkeringsplassen utanfor Hageland Eikanger tett ved E-39 står det ein container merka med innsamling av brukte klede og sko til Ukraina. Der kan du levere det du, eller familien din, ikkje treng lengre av klede, sko, sengetøy, mm. Det må pakkast i sekk, og du må sjølv leggje det i containeren. Så går du inn i kassen til Hagesenteret og betaler kr. 50,- pr.sekk i transportstøtte. Sekkar kan leverast i opningstida til hagesenteret. Du kan også levere på innsamlingsstasjonen vår ved NLA på Breistein første og siste laurdag i månaden mellom 12.00 og 14.00.

THK-stiftelsen (Tro, Håp og Kjærlighet) er ei tverrkyrkjeleg stifting som støttar kristent og humanitært arbeid i Ukraina. THK sender ca. 30 000 sekkar med klede i året til dei fattigaste av dei fattige, 25 trailerlass i året. Vi har ein tilsett i Haugesund, og resten er frivillige arbeidarar. THK har eigen trailer som kjører hjelpesendingar kvar fjortande dag. Sjåførane er også frivillige som brukar av si fritid til å utføre denne viktige oppgåva og få hjelpa fram til dei som treng det mest. Mange frå vårt område har vore i Ukraina og sett kor viktig dette er og at hjelpa kjem fram dit ho skal.

Det du leverer i containeren betyr ein forskjell for dei fattige i Ukraina, spesielt barnefamiljar og barneheimar har store behov. Med vinteren for døra er varme klede og sko stor mangelvare. Sendingane går i hovudsak til byen Korosten i Tsjernobylområdet i Ukraina.

Vi har ein eigen organisasjon der som i samarbeid med kyrkjelyd, sosialkontor, Røde Kors og andre tek hand om og distribuerer hjelpa til dei som treng det mest.














Dette meiner vi er 100 % gjenbruk av det vi ikkje kan nytte oss av eller treng lenger, og såleis er det også eit godt miljøtiltak.

Vi er svært takksame for alt som vert levert. Takk til kvar enkelt!

Les meir om oss på THK.no og facebook

KRYSSORD

Laga av Arvid Sakseide

	røyn- dom	 pron. ----- linje	<u>heilag</u> gild	<u>huset</u>	<u>krafsa</u>	P.S. fra- mand	 <u>m.n.</u>	 ord- sam- linga	hus- dyr- hald	bro- dera	sik- ring
	aktuell kyrkje- sundag	lojale							<u>regn</u> nor- mer		
	mus. form, fl.tal									den andre ukj.	
zero		ri, <u>omv.</u> da. by		dyre- bu- stad		golv ----- oss				like 	
slätte- rei- skapar					<u>drikk</u> musk- uløs					<u>500</u> mus.- uttr.	
stela	<u>meint</u>		<u>fram- fører</u> 50								son åt Gera
talord						<u>fisk</u> afgh. by			<u>blom</u>		
obs!			arve- <u>anlegg</u> ukokte			lovord	styre- greie	<u>bol</u>		farge	
Brun- voll- salme											
			tidl. asiat. polit.				bygd i <u>Meland</u> prep.			læ- kjar, omv.	
aks	!										

Send heile kryssordet (evt. foto/scan) innan 15. oktober til stine.saele@melandkyrkja.no eller i post til Meland kyrkjelyd, Postboks 117, 5906 Frekhaug. Premie: 1 kg nydregen ferskvassfisk. Vinnar av kryssord i nr 2/18: Øystein Wiik.

NY STEIN - OPPUSSING - NAVNETILFØYING
Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale

VESTSTEIN - naturstein

5918 FREKHAUG - Mob.: 91 31 34 80

**Knarvik
Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no

**Nordhordland
Begravelsesbyrå AS**

**VIRKE
GRAVFERD**

Ring oss på tlf. 56 37 14 10
eller sjå www.nordh-bb.no

*Stort utvalg
i blomster og
gravminne!*

KYRKJEVEGEN 1
5911 Alversund

FREKHAUG:
Havnevegen 31,
5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:
Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg heile vegen

Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning
og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 56 35 09 10

www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11 • 5914 Isdalstø
Medlem av Virke Gravferd



Kulturkalender

16. september

FESTKONSERT

Knarvik kyrkje søndag 16. september kl. 19.

Alversund kammerkor og tidl. songarar i Bergen domkantori har konsert i samband med domkantor Magnar Mangersnes sin 80-årsdag.

23. september

KONSERT MED MARIA SOLHEIM

Knarvik kyrkje søndag 23. september kl. 19.

Oppvarming ved May Sissel Rismyhr Jansen m/band. Billetter: TicketCo og i døra.

30. september

JOHNNY CASH-MESSE

Knarvik kyrkje søndag 30. september kl. 19.

Kveldsgudsteneste med låtar Johnny Cash song. Kyrkjekvelds etterpå.

28. oktober

BARNEFESTKONSERT

Meland kyrkje søndag 28. oktober kl 16.

Tore Thomassen har konsert saman med barnekora Tusenfryd frå Leknes og Levande Lys frå Frekhaug.

31. oktober

HALLOVENN

Knarvik kyrkje onsdag 31. oktober kl. 17-20.

HalloVenn er ein stor vennefest for barn opp til 12 år. Sjå Facebooksida "HalloVennKnarvik". Arr. Forsamlingar og kyrkjelydar i Nordhordland.

7. november

TEATERFRAMSYNING

Knarvik kyrkje torsdag 7. november kl. 19

Hordaland teater gjestar Knarvik kyrkje med førestillinga Babettes gjestebod av Karen Blixen. Skodespelar er Ragnhild Gudbrandsen.

22. november

FESTAFTAN

Knarvik kyrkje torsdag 22. november kl. 19.30

Sjøforsvarets musikkorps spelar konsert med sjølvaste Arve Tellefsen.

2. desember

JULEKONSERT

Knarvik kyrkje søndag 2. desember kl. 18

Julekonsert "Vår jul" med Maria Arredondo, Torstein Sødal, Knarvik Gospel og barnekor. Førehandssal og sal ved døra av billetter.



Andakt av Torbjørn Sæle

I nokre kalendrar står søndagen først. Det gjer meg alltid litt forvirra, for vi er blitt så vande med at søndagen kjem til slutt. Den avsluttar veka og helga. Og så er det på `an igjen.

Hautsemesteret er over oss. Mange er travelt opp-tekne med det eine og det andre. Vekene kan fyka av garde. Og når søndagen kjem, skal vi gjera alt vi

Kviledagen

ikkje rakk resten av veka. Og helst litt til!

Tradisjonen med ein kviledag strekkjer seg langt tilbake. Gud skapte verda på seks dagar og kvilte på den sjuande dagen. Men har du tenkt på at mennesket, som blei skapt på den sjetten skapingsdagen, faktisk starta med ein kviledag?

«Seks dagar skal du gjera arbeidet ditt. Men den sjuande dagen skal du kvila.» (2 Mos 23,12). Bodet om å halda kviledagen heilag, kan vera vanskeleg å følgja i vår tid.

Eg trur likevel vi treng å

verna om kviledagen, både for oss sjølv og dei rundt oss. Lat søndagen vera ein annleis dag. Gjerne med å ta del i gudsteneste. Nokre finn også kvile i ein søndagstur i vår vakre natur. Andre ved å vera stille, kanskje med ei god bok i fanget. Eller det kan vera ved å sjå ein fotballkamp eller gå på konsert? Fyll søndagen med det som gjev deg kvile. Åleine eller saman med andre.

Søndagen er dagen Jesus stod opp. «Det var om kvelden, same dagen, den første dagen i veka. Lærsvaneine var samla (...) Då kom Je-

sus» står det i Bibelen (Joh 20,18). Vidare kan vi lesa om då lærersveinane alle-reie ei veke etter var samla igjen og fekk møta Jesus. Sidan den gong har menneske møttest på søndagen og blitt møtt av Jesus. Slik er det framleis. Det er grunn til å feira! Søndag etter søndag – og heile veka for den saks skuld.

Lat søndagen få vera ein god start på ei ny veke. Lat den få koma først. Ikkje berre i dei gamle, litt rare kalendrane. Men også i liva våre.



Andreas Berg bur på Totland, er gift, har fire barn og fire barnebarn.

Arbeider til dagleg på Sandnes skule, der han mellom anna har undervist ein del år i mat og helse. Her er ei oppskrift frå ein annan verdsdel han vil dela med dykk: Afrikansk peanøttsuppe. Dette ei fylldig suppe med mykje smak og som varmar godt. Til denne retten kan det passa godt med focacciabrød.

OPPSKRIFT


Afrikansk peanøttsuppe

Ingredienser

8 dl hønsebuljong (8 dl vatn og 2 buljongterningar)
1 boks hermetiske tomatar
ca ½ raud chili utan frø
4 ms peanøttsmør
1 ms sitrønsaft
ca 1 ts salt
ca ¼ ts pepar
200 g ferdigsteikt kjøtt frå kylling
(= ½ grilla kylling)

Slik gjør du

Kok opp hønsebuljongen. Kjør hermetiske tomatar i ein matprosessor til ein jamn masse og ha han i gryta. Finhakk chilien. Ha peanøttsmør, chili og sitrønsaft i gryta. Rør om, kok opp og smak til med salt og pepar. Skjer kyllingkjøtet i strimlar og ha det i suppa. Varm opp suppa i 2-3 minutt og server.



KNARVIK 40 SENTER

Møteplassen for handel og kultur

SYSTEMHUS



TAULE
ING. TAULE AS

Kvassnesvegen 33, 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 85 55

Bestill en gratis huskatalog:
WWW.SYSTEMHUS.NO



MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no
www.melandelektro.no

HAGEL

AUTORISERT REGNSKAPSFØRERSELSKAP

SAMTALEPARTNER | BRANSJETEAM
DIGITALISERING | AUTOMATISERING

RING 56 35 55 80

Hos oss blir du alltid møtt med god kompetanse, gode råd og godt humør.

- Hagel AS, Hagellia 6, 5914 Isdalstø -

www.hagel.no

Konsert med Maria Solheim

Av: Stine Karin Sæle

Maria Solheim er ein folkekjær artist som etter fleire år ute av rampelyset no er tilbake med ny musikk. Kanskje har du høyrd “Lady of my life”, “Richard” eller hennar vakre versjon av “Jeg er i Herrens hender”?

Det er lenge sidan ho gav ut sitt første album, “Barefoot” som 19-åring. Det hausta stor suksess, og i etterkant av album nr. 2, “Behind closed doors”, turnerte ho på fleire kontinent, men også i Noreg. I 2002 spelte ho konsert i Nordhordlandshallen i Knarvik, og no i haust gler ho seg til å komme tilbake, denne gong til Knarvik kyrkje. Etter ein del år med meir eller mindre pause frå musikken kom ho i vår med sitt 6. studioalbum “Stories of new mornings”. Ho seier sjølv at plata kan sjåast som variasjonar over Prøysens “Du ska få en dag i mårå”. Den handlar om å framleis vere i live. Å vakne opp og vite at ein framleis kan ta val.

På konserten vil Maria, saman med muskar og produsent Christer Slaaen, gje oss smakebitar frå den nye plata, men også songar frå tidlegare utgjevingar. Frekhaugbuar May Sissel Rismyhr Jansen tek med seg band og vil stå for oppvarminga. Etter konserten er alle inviterte til ein enkel konsertkafé med kaffi, prat og platesignering. Konserten er eit samarbeid mellom Knarvik kyrkjelyd og Meland kyrkjelyd.

STORIES
OF
NEW
MORNINGS
MARIA SOLHEIM



Konsert med
Maria Solheim

Oppvarming: May
Sissel m/band

23. september
kl. 19.00
i Knarvik kyrkje

May Sissel m/ band varmar opp

Av: Stine Karin Sæle

Vi tok ein liten prat med May Sissel Rismyhr Jansen om musikken til Maria Solheim og om konserten.

Fortel litt om kva musikken til Maria Solheim har betydd for deg?

- Eg hugsar at eg leste i Vårt Land om Maria Solheim og debutplata “Barefoot” som kom i 2001. Då eg fekk høyre den var det spesielt ein song som gjorde inntrykk. Den heiter “Lady of my life”, og blei etter kvart ein del av mitt eige repertoar. Heile vegen har eg likt utruleg godt kombinasjonen av tekst og melodi. Maria formidlar livet og trua med litt andre, litt nye ord.

Kva er favorittplata av dei seks Maria Solheim har gitt ut?

- “Behind closed doors”, hennar andre plate. Der finn du perle på perle, og eg likar godt arrangementa på songane. Det er ei magisk plate. I det siste har eg også lytta ein del til hennar nyaste album “Stories of new mornings”. Det er også eit fantastisk album, lett og leikent samtidig som det har djupn. Maria er eit førebilete når det gjeld å setje ord på ting.



Du skal varme opp for Maria på konserten hennar i Knarvik kyrkje. Kva tenkjer du om det?

- Eg vart utruleg glad då eg vart spurt om å varme opp! Og så er det sjølv sagt litt skummelt også å skulle spele på same scene som ein av mine musikalske heltar. Eg gler meg til å ha fine og flinke folk med meg på scena, m.a. mannen min, Jan Martin.

Kvifor skal lesarar av kyrkjebladet kome på konserten 23. september?

- For å bli berørt inn i hjarterota og å få vakre tonar med seg på vegen. Dette er ein sjeldan sjanse til å få oppleve Maria Solheim. Eg gler meg til å høyre at ho fyller heile kyrkja med alt det fine ho har på hjartet.

Ny i Meland kommune?

Du er hjarteleg velkommen til å bli med på samlingar og aktivitetar i regi av, eller i samarbeid med Meland kyrkjelyd.

Gudsteneste kvar søndag i Meland kyrkje kl. 11.00.

Treng du skyss til Meland kyrkje? Ta kontakt med kyrkjekontoret 56 17 14 80.

Søndagsskulen Løvegjengen kvar søndag utanom skuleferiane og familiegudstenester. Gruppe for barn under skulealder og skulebarn opp til 7. kl. Kontakt: Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.

Norskkurs for innvandra- rar. Gratis norskkurs, små grupper. Kvar onsdag kl.

18.00 – 19.30 på Møteplassen. Skyss for dei som treng. Kontakt: Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.

Internasjonal kafe.

Uformell treffplass, nokre gonger med litt program. Kvar onsdag kl. 19.30 – 21.00 på Møteplassen. Kontakt: Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.

Open Møteplass. Open treffstad/kafé for dei som er heime på dagtid. Kvar mandag, onsdag og torsdag kl. 11.00–13.30 på Møteplassen. Kontakt: Marit Sæle, 40 47 35 20.

Småbarnstreff med baby- sang. Kvar tysdag kl. 11.00 – 13.00 på Møteplassen. Kontakt: Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.

Felix Vocalis. Kor for voksne. Øver annankvar tysdag kl. 20.00 – 22.00 på Møteplassen. Kontakt: Jannicke Wisløff Åsebø, 40 22 86 94.

Husgrupper. Smågrupper som møtest i heimar. Sosialt, samtale, måltid, bøn. Kontakt: Kyrkjekontoret, 56 17 14 80.

Seniors. Treffpunkt med program og middag på dagtid. Første torsdag i månaden kl.12 på folkehøgskulen. Samarbeid med Frekhaug indremisjon og Norkirken. Kontakt: Victor Bakke, 99 61 75 83.

Yngres Frekhaug.

Aktivitetar, andakt og kiosk. For 5.-7.klassingar. Annankvar fredag kl. 18.30–21 på Frekhaug bedehus. Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. Kontakt: Ruben Sæle, 56 17 14 88.

SKrUL, ungdomsklubb for deg som går i 8. klasse og oppover. Kvar laurdag kl. 20.00 på Frekhaug Bedehus.

Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. Kontakt: Ruben Sæle, 56 17 14 88.

Levande Lys. Barnekor for deg som har fylt 4 år og oppover. Øver annankvar onsdag kl. 17.30 – 18.30 på Frekhaug bedehus. Kontakt: Kamilla Strømsbo Dale, 47 30 65 24.

Strilongane. Barnekor for deg som er ca. 4 år og oppover. Øver kvar mandag kl. 17.45 – 18.30 på Rossland skule. Kontakt: Sandra Bruvik, 45251609.

Yngres Rossland. Aktivitetar, andakt og enkel matserving, Frå 3. klasse og oppover. Annankvar fredag kl. 18.00 – 19.30 på Rossland bedehus, Kontakt: Miriam Skurtveit, 94 84 69 96.

Søndagsskuleklubben.

Aktivitetar og andakt. For barn til og med 2. klasse. Annankvar onsdag kl. 18.00 – 18.45 på Rossland bedehus. Kontakt: Annelaug Isdal, 99 47 03 09.

MEIR INFO:
WWW.MELANDKYRKJA.NO

Nytt frå stab og sokneråd

UTSENDING

Laila Haugland Storstrand kjem til å reise ut som bibellærer til Tyrkia i løpet av hausten. Kyrkjelyden vil be for henne ved utsending og undervegs i tenesta. Laila har vore mykje i Tyrkia dei seinare åra og jobba som frivillig i ei internasjonal kyrkje, mykje med arbeid for kristne kvinner som treng oppmuntring. Ho har kome langt med studiar i tyrkisk språk og har sagt opp den faste stillinga som trusopplærer i Bremanger, men fortset i vikarjobbar for å spare opp midlar. Ho treng likevel støtte frå enkeltpersonar sidan det ikkje er ein organisasjon som er arbeidsgjevar. Basen til Laila i Norge vil vere Meland.

Søndag 30.9. kl 18 vert det ei samling med fokus på Tyrkia på Frekhaug Bedehus. Laila vil fortelje om arbeidet i Tyrkia, og det blir utlodning til inntekt for arbeidet.

TENK PÅ HUSDYRA OG MILJØET – FEST GRAVLYKTENE!

Mange pynter gravene med gravlykter av plastikk og aluminium. Problemet med slike lykter er dette: fuglar et stearinen og fuglar eller vinden tek dei med seg og slepper dei ned på slåtte- og beiteområde og i naturen elles. Det er farleg for dyra med knuste lykter i føret, og det er ikkje bra med boss som hamnar alle stader. Vi ber difor om at alle festar gravlyktene, anten ved å setje dei inn i ei større metalllykt som vert festa i bed eller gravstein, eller ved å bruke ein streng eller liknande og feste lykta til bakken.

Slekters gang

Døypete

29.04.2018
Markus Bø Hollevik
Aksel Lilleøren Jarlind

6.05.2018
Louise Burhol-Larsen
Isabell Skogseid Hansen

13.05.2018
Aksel Toma Furukawa Aubert
Alina Haugen Sunde

19.05.2018
Dinah Austegard
Emilia Austegard

20.05.2018
Milla Haaland-Kvamme
(Knarvik kyrkje)
Ella Sagstad Steen-Hansen

27.05.2018
Lean Cecilie Sætre Berland
Jonas Ådlandsvik Hjertås
Dina Andrea Straume Thorvald-
sen

10.06.2018
Beimba Charles

17.06.2018
Matheo Granbakk-Husebø

Mons Iden
Johannes Erstad Leknes
Adelen Prajuabsuk Solhaug

1.07.2018
Håvard Haugsdal Hakestad
(Solheim kyrkje)

8.7.2018
Ellen Sofia Drengenes

22.07.2018
Patrick Warner Rasmussen
(Johanneskirken)

5.08.2018
Olivia Kårbø Brakstad
Milan Nowak Mørner
Isak Aasgård Vedå
Johannes Bruket Vikebø

12.08.2018
Matilde Henanger Dale
Louise Vatnedalen Nesheim
Filip Vatnedalen Nesheim

Vigde

11.05.2018
Thea Brattås Holthe og Glenn
Rossland

12.05.2018
Therese Bakke og Allan Clarke

26.05.2018
Karianne Bøe Snekkevik og
Vegard Sagstad

2.06.2018
Jema Delos Santos og Jan Petter
Hoddevik

23.06.2018
Kari Joo Yung Dalland Kvalvåg og
Vidar Kvalvåg
Margrethe Hystad Hugaas og
Eivind Kolås

21.07.2018
Elisabeth Langeland og Trygve
Bjørdal

4.08.2018
Tone Marie Moldrheim og
Thomas Solheim
Lena Melanie Steinhoff og Eivind
Eikanger Namdal
Rebecca Wiig Aadland og
Alexander Skomsøy

11.08.2018
Mari Sævig og Øystein Askeland

Gravlagde

27.04.2018
Jens Mathias Madsen (f. 1942)

2.05.2018
Edvard Severius Larsen (f.1929)

4.05.2018
Cornelis Fredrik Van Der Kooij

15.05.2018
Mons Tellevik (f. 1927)
Solfrid Irene Bjelke (f.1946)

24.05.18
Helge Sjøholm (f.1949)

25.05.2018
Olga Jørgensen (f. 1949)

5.06.2018
Solbjørg Aud Nilsen (f. 1938)

8.06.2018
Anders Bjørkheim (f. 1941)
Gunvor Birkeland (f. 1925)

12.06.2018
Alma Moldekleiv (f. 1926)

2.08.2018
Dagny Amanda Andersen (f.1924)

3.08.2018
Gunnvald Rossland (f. 1934)

10.08.2018
Ingebjørg Ryland Myrtveit
(f. 1930)

ALT I CATERING
NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE
www.catering.com • tlf. 56 17 43 23

Meland Auto AS
Autorisert bilverkstad
www.melandauto.no

MCA

Hageland
Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS
Lyngvegen 1, 5914 Isdalstø
tlf. +47 56 35 17 65
mobil +47 926 08 647

Gravstein i alle utførelser
fra enkle og grove til
helpolerte.
Tilbehør til gravstedet
Tilførsler av navn
Oppussing vask, stell
Rehabilitering reparaasjon
www.eikner.no

STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN
Lokal representant
Rune Hjermann
Kyrkjesundsvegen 81, Holsnøy
Mob 911 63120

SKARSVÅG
Rør og Interiør as

Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11
Besøksadresse og Postadresse:
Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag: STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

REMA 1000
FREKHAUG SENTER
tlf.: 56 17 60 00

GLØDE
Arbeids- og Kompetansesenter

HELÅS AS

- Gravminner og benkeplater
- Salg av nye steiner
- Vedlikehold
- Reprasjoner (nytt gull eller lakk)
- Navnetilføyelse
- Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.
Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

KIWI mini pris
for alle med sans for lavpris
FREKHAUG SENTER
Åningtider: Man.-fred. 9.00-22.00
Lørd. 9.00 - 20.00

GUDSTENESTE- KALENDER



Foto av Meland kyrkje: Morten Sæle

8. september

11.00 + kl. 13.00 v/Bjørn Tore Sæle
Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

9. september

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Konfirmasjon
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

15. september

11.00 og kl.13.00.
Konfirmasjon.
v/Bjørn Tore Sæle
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

16. september

11.00 v/Helge Hitland
Nattverd. Løvegjengen.
Takkoffer til NLA

23. september

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Dåp og Nattverd. Løvegjengen
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

30. september

11.00 v/Helge Hitland.
Dåp. 4 års bok. Sprell levande.
Takkoffer til Søndagsskulen

7. oktober

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Nattverd. Film for borna
Takkoffer til kyrkjefond

14. oktober

11.00 v/Helge Hitland
Film for borna. Dåp.
Takkoffer til HimalPartner

21. oktober

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Nattverd. Løvegjengen
Takkoffer til Kirkens bymisjon

28. oktober

11.00 v/Helge Taranrød
Dåp. Takkoffer til kyrkjefond

16.00 BarneFESTkonsert
med Tore Thomassen og
barnekora Tusenfryd og
Levande Lys.
Billetter i døra.

19.00 i Knarvik kyrkje v/ Tore
Thomassen
og Torbjørn Sæle. Nattverd.
(samarbeid m. Knarvik Kyrkje)

4. november

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Nattverd. Løvegjengen
Takkoffer til HimalPartner

19.00 Minnegudsteneste
v/Helge Hitland

11. november

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Dåp. Nattverd. Lys våken.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

18. november

11.00 v/Helge Hitland
Dåp. Nattverd.
Løvegjengen
Takkoffer til Åpne Dører

25. november

11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Nattverd. Løvegjengen
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet



Foto: Arve Kjell Uthaug

Ranselbøn

Tekst: Anne Marit Fosse Dahle

19. august var det ranselbøn i Meland kyrkje. Det var nokre flotte, spente 1.klassingar som kom til kyrkja. Med ranselen på ryggen kom dei fram, og der blei det bede for skulekvardagen som ligg framfor dei. Dei fekk òg kvar si 6-årsbok. Etterpå var dei med på balsamling med Løvegjengen. Her lærde dei om at alle er ulike, men like viktige og verdifulle uansett korleis ein er. Pølsegrilling og leik høyrer sjølvstøtt med på balsamling.



Foto: Anne Marit Fosse Dahle